



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 16.04.2023, kl 16.00-18.00 Quality Hotel Sogndal

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Toralv Mikkelsen, , Sigbjørn Hauge, Ingvald Torblå, Marta S Vange, Kristoffer Amdal,
På link: Roald Aga Haug
Administrasjon: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø
Gjester: Trygve Bolstad (Ullensvang kommune), Roy Egil Stadheim (vara)

Sak 13/23 Årsmøte 2023 Førebuingar

Administrasjonen orienterte om status i førebuingane til årsmøtet.

Det er førebudd rekneark for handtering av avstemmingar i samsvar med nye vedtekter. Dette kan verta aktuelt under sak 07/23 Val, som kjem etter saka om vedtektsendingar.

Årsmøtet vert elles planlagt gjennomført etter vanleg plan og i samsvar med utsendt agenda og gjeldande vedtekter.

Sak 14/23 Årskonferansen 2023

Statusgjennomgang v/ Hanne

- Program
- Påmelding

Hanne orienterte om programmet for årskonferansen.

Påmeldinga er ikkje like stor som ved årskonferansen 2022, men vi vil likevel sei oss nøgde med talet på deltakarar. Ikkje minst er det mange viktige beslutningstakarar som er påmelde.

Sak 15/23 NTP 2025 - 2036

- Prioriteringsdokument levert 31. mars
- Høyringar/høyringsfristar
- Vidare prosess

Fjordvegen vil delta i høyringsmøter i Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Vi vil også senda høyringsuttale til departementet innan fristen 3. juli.

Høyringsuttalen vil verta tema i neste styremøte.

Sak 16/23 Arendalsuka 2023

Deltaking - samarbeidspartnarar.

Fjordvegen er inviterte til å delta i debatt i samferdselsteltet saman med Nasjonal Rassikringsgruppe. Styremedlem Toralv Mikkelsen har sagt seg villig til å delta som Fjordvegen sin representant i debatten.

Sak 17/23 Innmeldte saker/Ymse

- Nye medlemmer - medlemskategoriar
-

Fjordvegen har motteke melding frå NAF, avd. Stavanger og omegn som ønskjer å verta medlem i Fjordvegen. Dei har imidlertid begrensa økonomi og ønskjer derfor å verta tekne

inn som medlem under medlemskategori 5: "*Bedrifter/Andre med under 5 tilsette*". Denne kategorien har ein medlemskontingent pr. d.d. på kr 2.500.

Styret drøfta ønsket frå NAF og konkluderte med følgjande:

Vedtak:

NAF avd. Stavanger og omegn vert teken opp som medlem i Fjordvegen under medlemskategori 5: Bedrifter/**Andre** med under 5 tilsette.

Administrasjonen melder tilbake til NAF og sørgjer for fakturering av medlemskontingent.

- Nasjonal rassikringsgruppe har invitert Fjordvegen til å møta dei på deira synfaring m.a. nord i Sogn i starten av mai.

Kinsarvik 16.04.2023

Jostein Eitrheim
referent.